

Fra: [Frode G. Larsen](#)
Til: [Olav Skare](#); [Mayvi B. Johansen](#)
Emne: VS: Innspel frå AHR ang. revisjon av forskrift om graden ph.d. ved UiT
Dato: 5. februar 2018 13:43:11

T.o.

Mvh
Frode

Fra: Ketil Zachariassen
Sendt: mandag 5. februar 2018 13:33
Til: Frode G. Larsen <frode.larsen@uit.no>
Kopi: Sonni Olsen <sonni.olsen@uit.no>
Emne: Innspel frå AHR ang. revisjon av forskrift om graden ph.d. ved UiT

Innspel frå AHR ang. revisjon av forskrift om graden ph.d. ved UiT

Ang § 5

Vi har vanskar for å forstå at det skal vere sams reglar for korleis gjennomføringa av disputasen skal gjerast ved UiT. Det bør etter AHR sitt syn vere mogleg med noko variasjon mellom dei ulike fakulteta. Faga og fagtradisjonane er ulike, det bør også disputasen kunne vere.

AHR ønskjer at ordninga med prøveførelesing vidarefrøast. Prøveførelesinga har ein viktig funksjon med omsyn til å formidle fag og forskning til fagfeller og kollegaer. Den er også relevant for kandidatane da svært mange i sitt vidare arbeid vil presentere eigen ag andre si forskning eller prosjekt på konferansar eller seminar o.l.

Eit stort fleirtal av dei tilsette ønskje ordninga med prøveførelesing vidareført, men det var enkelte som meiner prøveførelesinga ikkje er så viktig lengre.

Om prøveførelesinga i sin noverande form skulle falle bort, kunne AHR tenkje seg at kandidatane fekk noko lengre tid på å presentere eigen ph.d.-avhandling, td 30 min, og at det leggst inn ein kort pause på td. 15 min mellom kandidaten sin sjølvpresentasjonen av avhandlinga og 1.opponenten.

Ang § 7

Kravet om innovasjon/og eller kommersialisering er ein skivebom. Unødvendig og malplassert for våre fag.

Utover dette har AHR ingen kommentarar til utkastet.

Beste helsing
Ketil Zachariassen

Førsteamanuensis i moderne historie
AHR
HSL-Fak
UIT Norges arktiske universitet
9037 Tromsø

Kontor: H-303
Tlf: 776 45 235
Mob: 414 22 530